

Lekseplan 4B – Veke 19

	Skulen si heimeside: www.minskole.no/sagstad Tlf til skulen: 55 17 13 00
	Klassekontaktar: Ingvild Førde Flatøy tlf. 950 65 232 ingvildflatoy@gmail.com Silje Beate Fitje tlf. 928 46 460 fitje1982@hotmail.com FAU: Christine Martin tlf 976 08 471 chrispinus@gmail.com Vara: Torbjørn Langeland tlf 906 17 558 torbjorn.langeland@gmail.com
	https://pxhere.com/no/photo/695376#google_vignette
TURDAG FREDAG 9. MAI Fredag 9.mai er det turdag på 4.trinn. Turen går til Raudfjellet. Viktig å ha med godt med mat og drikke. Det er lov å ha med ein liten tursjokolade. Ha på gode sko og rikeleg med klede! OPEN DAG er 10.juni kl. 15.00 – 17.00. SYKKELOPPLÆRING Etter 17. mai startar vi opp med den obligatoriske sykkelopplæring som plar ligge på 4. trinn. Det er fint om de vaksne ser over sykkelten, så han kan brukast i opplæringa her på skulen. Viss nokon ikkje har sykkel som dei kan ta med på skulen: Send ei melding til kontaktlærer i god tid før 17.mai , så ser vi kva vi kan gjere. GONGING (MULTIPLIKASJON) I 3.klasse var poenget at elevane skulle FORSTÅ kva vi gjer når vi gonger. ALLE i 4b meistrar dette! 😊 No er det viktig å lære gongetabellane så godt at svara kjem «automatisk» eller i alle fall raskt, slik at elevane ikkje treng bruke så mykje tid og krefter på å tenkje. Pugg i veg!! 😊	

DETTE JOBBAR VI MED:

LESING	- Leseøvingar – dele opp ord - Leseforståing – kunne svare også på ting som står «mellom linjene» - Kritisk lesing: Kan vi stole på det vi les?
SKRIVING	- Skrive nøkkelord - Frå faktasetningar til faktatekst - Bruke kjelder på ein god måte – ikkje skrive av. Oppgi kjelder.
MATTE:	- Figurmønster (grunnlag for algebraisk tenking) - Å rekne med store tal med tiar- og hundrarovergang - Pukke gongetabellar – og sjå samanheng med deling - Ulike måtar å skrive «ein halv» på
ENGELSK	- Kunne setje ord på følelsar, munnleg og skriftleg, med enkle setningar
SOSIAL KOMPETANSE	Tro ikke alt hva du hører. Si ikke alt hva du vet. Da sparer du mange bærer på sinn og samvittighet.

LEKSER

	til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
Hugs:	SYMJING: Stupe Hugs: badebukse/ badedrakt, handklede og såpe GYM: Dykke og Flyte Hugs: gymtøy, gymsko, handklede og såpe			
Lesing	Ark Les høgt for ein vaksen det diktet ("minnet") du skreiv på skulen i dag. Forklar til den vaksne kva det betyr. (Viss de ikkje har tid i dag – gjer det ein annan dag denne veka! Har du mista arket: Sjå «Sosial kompetanse» på framsida av lekseplanen.)	Link Textbook Read p. 100-101 Lær munnleg så mange av følelsane du klarar.	Kaleido lesebok Les side 114-115.	Kaleido lesebok Les side 116 - 117.
Skriving og snakking	INNAN TORSDAG – I LAG MED EIN VAKSEN Du kan skrive i Norsk Leksebok eller OneDrive, eller du kan lese inn i Creaza. Viss du bruker OneDrive eller Creaza, finn du oppgåva i Teams KUN MUNNLEG: Forklar til ein vaksen kva dei ulike raude og grøne boksane betyr. Kvifor er nokre boksar raude og nokre grøne (og ein blanda), og kva betyr det som står inni boksane? SKRIV 1. Forklar kva du vil gjere viss nokon fortel deg at ein i klassen har gjort noko dumt mot dei. 2. Fortel kva vi har blitt einige i klassen om at vi skal gjere viss vi synest at nokon sender oss eit «Stygt blikk». Kvifor blei vi einige om dette? 3. Skriv eit eksempel på kva det betyr at vi skal «tru det beste». 			
Rekning	Matteheftet Gjer oppgåvene på arket. Lever seinast torsdag.			
Øveord engelsk	Øv godt på å skrive setningane. I am scared. He is angry. The boys are sad. (Kvifor er det «are» her når det var «is» på førre setning?) The girl is excited.			
Rekning	Vel ein gongetabell som du ikkje kan utanåt. Lær alle gongestykka i den gongetabellen. Øv også på å gjere dei om til dele-stykke. (f eks $3 \cdot 5 = 15$, då er $15 : 5 = 3$, og $15 : 3 = 5$) Test torsdag.			

